

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for oppvekst  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 24.05.2016  
**Tid:** 14:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 13.05.16

Birgitte Sævik Pedersen  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 15/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/16	Protokoll frå førre møte
PS 17/16	Vurdering mobbeombod
PS 18/16	Revisjon SFO-vedtekter
PS 19/16	Lokal rammeplan for barnehagane 2016 - 2020
PS 20/16	Prosjekt 61603 - Ny barneskule på Bergsøy - byggeprogram
PS 21/16	Einedalen skule - Byggeprogram for idrettshall, fleirbrukshall
PS 22/16	Prosjekt 61508 - Herøy kulturhus og idrettshall - byggeprogram

Prenta skriv til orientering/drøfting:



PS 15/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 16/16 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2016/1
		Arkiv:	B36

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
17/16	Komite for oppvekst	24.05.2016

### VURDERING KOMMUNALT MOBBEOMBOD

#### Tilråding:

Særutskrift:

### **Saksopplysningar:**

Det vart i Formannskapet 17. november 2016 fremja ønskje om ei sak om *mobbeombod*, framlagd for Komitè for oppvekst.

Omgrepet *mobbeombod* har vore ein del framme til drøfting, særleg sidan regjeringa la fram NOU 2015:2 Å høre til - Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø. Dokumentet er kanskje betre kjent som Djupedalsutvalet si innstilling.

NOU 2015:2 er eit stort dokument (over 500 sider), og inneheld mange forslag til tiltak. Fleire av tiltaka utfordrar gjeldande lov- og regelverk, og må derfor grundig vurderast i fleire høyringar både i organisasjonar og juridisk, før politisk handsaming. Dokumentet har vore ute til høyring i løpet av 2015, men er fortsatt inne i ei arbeids- og utgreiingsfase. Nokre tiltak har siste tida vorte nemnde, som t.d. bøtelegging av kommunar som ikkje tar handlingsplikta på alvor.

Utvalet tek utgangspunkt i både Barnekonvensjonen og Grunnlova, og omtalar dermed mobbing som eit samfunnsproblem, ikkje berre eit skuleproblem.

Sitat: « Barnekonvensjonen ser på mobbing som et samfunnsproblem, ikke bare et skuleproblem. Det betyr at Norge er forpliktet til å jobbe med mobbing ut frå et samfunnsperspektiv. Utvalget sier seg enig i dette og vil peke på at å forebygge og stoppe krenkelser, mobbing, trakassering og diskriminering ikke bare er et ansvar for skolen, men for hele samfunnet. Skolen blir formet av det samfunnet den er en del av, og av hvordan mennesker omgås hverandre. Det betyr at måten voksne omtaler hverandre på, reality-tv, kommentarfelt i sosiale medier og lignende, også er noe som barna ser, og som er noe som påvirker deres oppførsel. Barn lærer av voksne som de ser opp til».

Sitat slutt.

Med dette som utgangspunkt meiner utvalet at regjeringa bør utarbeide ein nasjonal handlingsplan for trygge oppvekstmiljø, utan krenking, mobbing, trakassering og diskriminering av barn og unge.

Å etablere mobbeombod er eitt av mange tiltak som er nemnde i NOU'en. Utvalet ser for seg at Barneombodet også kan ha ein funksjon som nasjonalt mobbeombod. Kva rolle og funksjon som skal ligge i omgrepet mobbeombod, har i ettertid vore mykje drøfta - men er fortsatt noko uklart. Skal det vere ein klageinstans i saker? Skal det vere ein fagleg rettleiar i mobbesaker? Skal ombodet bøtlegge kommunar og fylkeskommunar når lover vert brotne? Skal det vere ein førebyggjande instans?

Djupedalsutvalet si innstilling har vore tema i ulike samanhengar i KS. Eg nemner særleg drøfting med Kunnskapsdepartement og Utdanningsdirektorat i Grunnskulefagleg nettverk. Der var forslaget om mobbeombod drøfta med juristar, som såg på tiltaket utifrå opplæringslov og forvaltningslov.

Det vart stilt fleire utfordrande spørsmål, som førebels manglar svar og som må nærare utgreiast. Ein må vurdere saka opp mot Opplæringslova §9A om elevs rett til eit trygt psykososialt miljø, samt §13.10, om krav til gode system - som begge deler er skuleeigar/kommunen sitt ansvar. Det er også klart definert i lovverket at fylkesmannen er klageinstans i slike saker - samt at Forvaltningslova er tydeleg på kva prosess som skal følgjast i så måte.

Kunnskapsministeren konkluderte nyleg med at Fylkesmannen fortsatt skal vere klageorgan for mobbesaker, og opprettheld dermed gjeldande styringslinjer.

Nye tiltak basert på Djupedalsutvalet sine forslag, vil kome framover.

Hovudstyret i KS har handsama NOU 2015:2 som høyringsorgan, og har gjort eit vedtak med fleire punkt. Det vert under gjengitt sitat som seier noko om temaet mobbeombod:

Pkt 1: KS støtter tiltak som styrker kommunene og fylkeskommunenes ansvar for at elevene har et trygt psykososialt skolemiljø. Dette må tydeliggjøres ved at lovteksten legger ansvar til kommune og fylkeskommuner som skoleeiere.

Pkt 5: KS støtter ikke forslaget om at Barneombudet skal være første klageinstans. KS mener at dette fortsatt skal være Fylkesmann.

Pkt 6: KS støtter forslaget om at Barneombudets ombudsrolle for barn og foresatte overfor skoleeier styrkes i saker om krenkelser, mobbing, trakassering og diskriminering.

Pkt 8: KS støtter ikke forslaget om at det er barneombudet som skal ilegge kommuner og fylkeskommuner tvangsmulkt og lovovertredsgebyr.

Skal det etablerast eit eige mobbeombod for Herøy kommune, og kva vil i så fall dette innebere?

Først ein definisjon på ombod, sitert frå Wikipedia:

***Ombudsmann*** eller *ombud* er en person med oppdrag å beskytte enkeltpersoners eller grupperes interesser og rettigheter. Mange ombud arbeider vis-à-vis offentlig myndighetsutøvelse, men noen av ombudene arbeider også med enkeltpersoners rettigheter vis-à-vis andre privatpersoner eller bedrifter.

Ein kan sjå for seg to ulike alternativ:

- 1) Eit mobbeombod som politisk funksjon. Rolla må klart definerast. Det kan ikkje vere ein klageinstans, sidan lovverket tilseier at denne funksjonen ligg hos fylkesmannen. Det kan eventuelt vere ei rolle som inneheld ansvar for førebygging, samt rettleiing til føresette og elevs i samband med saker.

Utfordringa er at ansvaret i følgje lovverket, ligg hos skuleeigar/kommunen, delegert til administrasjonen. Kommunen kan gjennom dette kome til «sitje på begge sider av bordet», ved at kommunen både er juridisk ansvarleg og at kommunen skal ivareta «offeret» sine interesser og rettar.

Dette er nok også til dels årsaka til at det så langt ikkje er oppretta mobbeombod i kommunar, men kun på fylkeskommunalt nivå.

Ei minst like stor utfordring vil vere kompetanse . Skal ein kunne ivareta enkeltpersonar eller grupper sine interesser, må ein ha kompetanse både på lovverk, styringssystem og juridiske vurderingar. Det er eit krevjande felt, som det etter kvart har vorte mykje rettspraksis på.

- 2) Eit mobbeombod tilsett i fagstilling i kommunen, direkte underlagt rådmann. Ein vil då ved tilsetjing kunne krevje den nødvendige kompetanse, samt at stillinga vil kunne arbeide med førebygging og med saker i heile lokalsamfunnet, ikkje berre i skulen. Jfr innleiinga i saka. Utfordringa vil fortsatt vere grensesnittet mot det ansvar som lovverk og delegasjon gir skuleadministrasjonen, men kompetansen vil kunne sikrast. Det vil også vere ei utfordring å finne midlar til ei slik stilling, i den situasjonen kommunen er i no.

### **Vurdering:**

Uansett alternativ for oppretting og organisering av stilling/funksjon som mobbeombod, vil eg tilrå å vente til ein nasjonalt har landa på kva rolle eit slikt ombod eventuelt kan ha. Det må gjerast juridiske vurderingar, slik at ein ikkje trår feil. Eventuelt må lovverk endrast.

Ein politisk funksjon som kun skal vere rettleiande, som eit kontaktpunkt for føresette og elevar, vil ikkje nødvendigvis krevje lovendringar, men her vil klart vere grensesnitt som kan bli utfordrande med dagens lovverk og styringssystem. I tillegg vil det krevje god kompetanse på saksfeltet.

Med eit kommunalt mobbeombod vil ein kunne kome til å stå i svært utfordrande situasjonar, med kommunen på «begge sider av bordet». Kommunen som juridisk ansvarleg, og kommunen som ombod for barn og føresette.

Kommunestyret har delegert til rådmann, med vidare delegasjon til skuleleiar, å forvalte Opplæringslova og forskriftene. Når det gjeld elevar sin rett til psykososialt miljø (§9a) er dette i det daglege delegert til rektor ved kvar skule. Rektorane har ved fleire høve fått opplæring på saksfeltet. Samtidig har ein på kommunenivå fagleg kompetanse som rettleier rektorane når det oppstår denne type saker. Dette sidan det er eit særleg krevjande arbeidsområde. Det er på kommunenivå utarbeidd prosedyrar for handtering av saker etter §9a, i tråd med krava om eit forsvarleg system (§13.10). Dette er eit område fylkesmannen har særleg fokus på, både med rettleiing og med tilsyn.

Kommunestyret står fritt til å ta delegasjonen tilbake, og eventuelt organisere forvaltning av saker etter Opplæringslova på annan måte. Men då må kompetansen sikrast.

Fylkesmannen er no i ferd med å kvalifisere såkalla beredskapsteam mot mobbing. Herøy kommune har tre deltakarar i denne kvalifiseringa. Dette vil styrke kompetansen på området, både med førebygging og med handsaming av saker.

Opplæringa vert avslutta denne våren, og prosedyrar for bruk av beredskapsteam skal avklarast. Ein kan sjå for seg at beredskapsteamet kan vere eit kontaktpunkt for barn og føresette, på tvers og på kommunalt nivå, med kompetanse til å gi rettleiing om vidare handtering.

I tillegg til å forvalte Opplæringslova, har ein sakshandsamar også plikt til å følgje Forvaltningslova. I denne ligg allereie ei informasjons- og rettleiingsplikt overfor partar i ei sak, også i ei mobbesak.

Skuleavdelinga meiner å ha god kompetanse og gode system både på førebygging og handtering av saker som gjeld mobbing og krenking. Melde saker, og saker som tilsette i skulen sjølv ser, vert raskt tatt tak i og handtert i forhold til prosedyrar og lovverk. Resultatet av dette meiner vi å sjå igjen i Elevundersøkinga frå 2015, med svært lave tal på elevar som opplever mobbing, jfr. sak om Tilstandsrapporten.

Vi meiner at med den styrkinga ein no får med beredskapsteamet, vil ein verte endå betre i stand til å ivareta behovet for tilgjengeleg kompetanse for barn, unge og føresette i ein vanskeleg situasjon.

I lys av dette vil eit eventuelt behov for eit mobbeombod verte mindre.

Saka vert lagd fram for Komitè for oppvekst til drøfting, utan tilråding. Komitèen avgjer om saka skal vidare til Kommunestyret.

Fosnavåg, 27.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2016/658
		Arkiv:	A22

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/16	Komite for oppvekst	24.05.2016
89/16	Kommunestyret	25.05.2016

### REVISJON SFO-VEDTEKTER

#### Tilråding:

Kommunestyret godkjenner endringane i vedtekter for SFO, gjeldande frå 1.august 2016.

Særutskrift:

## **Vedlegg:** **Reviderte SFO-vedtekter**

### **Saksopplysningar:**

#### Dagens situasjon

Skulefritidsordning (SFO) er etablert etter § 13-7 i Opplæringslova, og kommunane skal ha eit skulefritidstilbod før og etter skuletid for 1. – 4. trinn, og for barn med særskilde behov. Det er ikkje eit krav at tilbodet skal leggast til rette ved alle skular. Kommunen kan krevje utgiftene til SFO dekt gjennom eigenbetaling frå foreldra. Skal ein gjere dette fullt ut, vert derimot satsane vesentlege høgare enn i dag.

I Herøy har vi SFO-tilbod ved alle skulane, og det varierer kor mange barn som er ved dei forskjellige avdelingane. Det er to store avdelingar, Bergsøy skule avd, Blåhaugen og Einedalen med anslagsvis ca 120 og 90 born. Ved dei andre skulane ligg talet mellom 20 – 30 born årleg.

Det er størst pågang i SFO om hausten, og på trinna 1. – 3. Det har vorte meir vanleg å seie opp plassen til barnet når dei blir 4.klassingar, eller i løpet av det året dei går i 4. klasse. Det viser seg også at fleire søker om plass i gruppe 1 (inntil 10 t/v) og gruppe 2 (11 – 14 t/v). Og mange som nyttar seg av full plass frå skulestart, søker om endra opphaldstid i løpet av året. Vidare ser vi ei avtrapping i behovet for å nytte seg av ordninga i feriane (sommars – haust og vinter). Slike variasjonar gjennom året skaper utfordringar i høve det økonomiske og tilsetjingsmessige. Vi må ta høgde for desse endringane ved tilsetjing om hausten, og vi ynskjer å vedtektsfeste eit krav om eit minimum av barn som er påmelde SFO både i feriane og om morgonen for at det skal svare seg økonomisk. Vi ynskjer også at ein skal ha behov for eit større antal timar for å kunne nytte seg av tilbod om morgonen. Ressursen til SFO vert utrekna etter antal timar foreldre vel å nytte seg av. For rektorane, som er ansvarlege for tryggleiken, blir det eit spørsmål om forvaltning av den tildelte ressursen ved vurdering av slikt tilbod.

#### Henting etter stengetid

Det hender at foreldre ikkje rekk å hente barnet sitt før SFO stenger om ettermiddagen. Det har ikkje vore regulerte økonomiske tiltak i høve desse tilfella. Dei SFO-tilsette forlèt ikkje borna før foreldra kjem. Det er ikkje innarbeidde rutinar for ekstra kompensasjon, eller straffegebyr overfor desse foreldra. Som eit preventivt tiltak, vil vi innføre eit gebyr pr. påstarta halve time. Det er ikkje høve til å oppbevare pengar verken på SFO eller ved bruk av konto. Gebyret skal difor krevjast inn med ved fakturering.

#### Trivselstiltak/matpengar

Som eit ekstratilbod og trivselsfremjande tiltak, har dei fleste SFO hatt ein økonomisk buffer dei har brukt til ulike aktivitetar. Pengane blir innbetalt av foreldra, og som regel blir dei nytta til eit utvida måltid, baking el.l. Det har til no vore ymse måtar å krevje inn og forvalte desse pengane på. Vil vil ha denne ordninga inn i ryddige former, for å unngå oppbevaring av pengar på avdelinga eller kontoar utanom det kommunale systemet. Dei avdelingane som har slike tiltak, skal heretter krevje inn pengane via faktura. Kvar skule skal avtale fakturering med økonomiavdelinga.

### Rutinar ved endring og oppseiing av plass

Det har bygt seg opp nokre uregelmessige rutinar kring endring og oppseiing av plass ved SFO. Sjølv om rutinane er klare i utgangspunktet, har det likevel vorte praktisert noko ulikt rundt om på skulane. Dette kan skuldast forskjellige ting, men mangel på god nok informasjon til rektorane kan vere litt av årsaka. Dette er no innskjerpa, og Økonomiavdelinga vil også gjerne konkretisere dette ved å få inn i vedtektene saksgangen ved oppseiing og endring av plass.

### **Forslag til endringar i dagens vedtekter:**

#### **§ 4 – endring punkt b:**

SFO har i tillegg ein dagleg leiar, eller ein assistent med koordineringsansvar. Det vert ikkje stilt krav om høgskuleutdanning for dagleg leiar, men utdanning innan barne- og ungdomsarbeid eller tilsvarande.

#### **§4 - fjerning av punkt c:**

Til kompetanseheving disponerer dei tilsette i SFO årleg ei tid tilsvarande sin jobbprosent av ei arbeidsveke (37,5 t).

#### **§4 – nytt og endra punkt c:**

Leiar for skulefritidsordninga bør skal kallast inn til møte i SU ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Han/ho har då tale- og forslagsrett.

#### **§5 – endring punkt b:**

Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen sine tildelte ressursar til ordninga. Bruk av ressursar må til ei kvar tid vegast opp mot tryggleiken til borna. Som utgangspunkt for tilbod om morgonen må det vere minst tre born kvar dag, og ein må nytte seg av alternativ 2 eller 3, jfr. § 7b

#### **§7 – endring punkt c:**

SFO kan ha tilbod om morgonen før skuletid. Eit slikt tilbod må vegast opp mot ressursar i det totale tilbodet jfr. §7b.

#### **§8 – endring punkt a:**

Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar. Tilbodet krev minimum 6 påmelde born dagleg.

- frå 1. august og til skulestart
- i haust- og vinterferien
- frå skuleslutt og ut juni månad

#### **§8 – endring punkt d:**

Dette tilbodet er ope for elevar frå alle krinsane. Søknad skal rettast direkte til Bergsøy skule.

#### **§9 – nytt punkt e:**

I dei avdelingane der ein nyttar seg av foreldrebetalte trivselstiltak og/eller matpengar, skal slik betaling fakturerast. Avtale om faktureringstidspunkt skal avtalast mellom skulen og økonomiavdelinga.

#### **§9 – nytt punkt f:**

Dersom barnet blir henta for seint, slik at det utløyser utvida opningstid, vil ein bli belasta med eit gebyr på kr 100,- pr. påstarta halve time.

**§ 10 OPPSEIING OG ENDRING AV Plass – endring i overskrift og punkt b:**  
Ved innmelding bind ein seg til periodar på minimum 3 – 3,5 mnd. Jfr § 6b-c

**§10 – nytt punkt d**

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Innkrevjing av uteståande beløp skal skje etter kommunen sine retningsliner ved at Økonomiavdelinga sender varsel om oppseiing av plass, og varslar rektor og Skuleavdelinga om at plassen er oppsagt. Det skal betalast for heile perioden rekna frå oppseiingsdato, jfr § 10 c. Alle spørsmål vedkomande betaling, skal rettast til Økonomiavdelinga.

**Involvering i revisjonsprosessen:**

- Korrigeringsane er gjort i samråd med SFO-leiar ved Bergsøy skule avd. Blåhaugen og med hovudtillitsvald i Fagforbundet, samt med rektorane. Økonomiavdelinga har også vore medverkande undervegs i prosessen.
- Endringsforslaget har også vore sendt til Økonomiavdelinga, som hadde sine forslag til endringar.
- Forslaget vart sendt til alle FAU/SU den 22. april 2016 med frist for svar 5. mai.

Det er er ikkje motteke motsegner til forslaga om endring.

**Vurdering og konklusjon:**

Dei føreslegne endringane vil medføre både auka tryggleik for borna og betre kontroll på kostnader.


Administrasjonen vil dermed tilrå at endringane vert vedtatt, slik at dei kan gjelde frå og med starten av eit nytt skuleår, frå 1.august 2016.

Fosnavåg, 11.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Brit-Synnøve Torvik



Forslag om ny revidering gjeldande frå skuleåret 2016-17, endringar markert med raud skrift.

## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE (SFO).

### § 1 RETNINGSLINER

- a. Drifta av skulefritidsordningane (SFO) skal vere i samsvar med lov og forskrift. (Jfr. Opplæringslova § 13-7)
- b. SFO skal drivast etter retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret.
- c. SFO er eit tilbod til elevar på 1. – 4. trinn, og for born med særskilde behov på 1. – 7. trinn.
- d. Areala ute og inne skal vere eigna til formålet.
- e. SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid, og foreldra må sjølve syte for ev. skyss av elevane.

### § 2 FORMÅL

- a. SFO skal legge til rette for leik , kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna.
- b. SFO skal gi borna omsorg og tilsyn.
- c. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

### § 3 EIGARTILHØVE

- a. Herøy kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.
- b. Ordninga vert administrert av skuleavdelinga.

### § 4 LEIING, STYRING OG ANSVAR

- a. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO ved sin skule.
- b. SFO kan i tillegg ha ein dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver. Det vert ikkje stilt krav om pedagogisk utdanning for dagleg leiar.

**Ny b.**  
SFO **har i tillegg** ein dagleg leiar, eller **ein assistent med koordineringsansvar**. Det vert ikkje stilt krav om **høgskuleutdanning** for dagleg leiar, **men utdanning innan barne- og ungdomsarbeid eller tilsvarande**.

**Punkt c blir fjerna. Uvesentleg for foreldre! Skal inn i arbeidsavtalen.**

- c. Til kompetanseheving disponerer dei tilsette i SFO årleg ei tid tilsvarande sin jobbprosent av ei arbeidsveke (37,5 t).**
- c. Leiar for skulefritidsordninga  ~~bør~~ **skal** kallast inn til møte i SU ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Han/ho har då tale- og forslagsrett.

## § 5 BEMANNING

- a. I tillegg til dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver skal det tilsetjast assistentar etter behov.
- b. Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen si tildelte totalramme.

### Nytt punkt b:

Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen sine tildelte ressursar til ordninga. Bruk av ressursar må til ei kvar tid vegast opp mot tryggleiken til borna. Som utgangspunkt for tilbod om morgonen må det vere minst tre born kvar dag, og ein må nytte seg av alternativ 2 eller 3, jfr. § 7b

- c. Rektor er ansvarleg for at SFO-tilbodet vert organisert på ein forsvarleg måte.
- d. Personalet må legge fram politiattest før tilsetjing. Jfr. § 10-9 i Opplæringslova.

## § 6 INNTAK AV BORN

- a. Foreldre sender søknad på elektronisk skjema. Søknadsskjema og vedtekter ligg på kommunen sine heimesider. Søknadsfrist er 1.april.
- b. SFO-året er delt i 3 periodar 1) aug.-nov. 3,5 mnd. 2) des.-feb. 3 mnd. 3) mars-juni 3,5 mnd.
- c. Rektor gjer opptaket og gir melding. Når ein elev har fått plass, har barnet plassen til føresette seier den opp (automatisk oppseiing etter 4.trinn). Eventuell klage skal leggest fram for leiar i skuleavdelinga. Kommunen tek atterhald om at det er nok søkjarar til at SFO kan kome i gang i krinsen.
- e. I dei høve SFO ikkje har plassar nok til alle som søker i krinsen, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:
  - Born som treng spesiell omsorg og støtte.
  - Borna sin alder, 1. årstrinn får prioritet.
  - Born av einslege forsyttarar.
  - Sjukdom i heimen.
  - Vanskelege bu- og leiketilhøve.
- d. Born som ikkje får plass etter hovudopptaket, vert sette på venteliste i den rekkefølge søknadene kjem inn.
- e. Det bør setjast av plassar til klage.

## § 7 OPNINGSTIDER

- a. SFO si opningstid er i samsvar med skuleruta for grunnskulen.
- b. Opningstida er inndelt i 3 alternativ:
  - Alternativ 1 (inntil 10 t/v)
  - Alternativ 2 (11 – 14 t/v)
  - Alternativ 3 (15 t/v og meir)
- c. SFO kan ha tilbod om morgonen før skuletid. Tid til dette må reknast inn i skulen si tildelte ramme.

### Nytt punkt c:

SFO kan ha tilbud om morgonen før skuletid. Eit slikt tilbud må vegast opp mot ressursar i det totale tilbudet jfr. §7b.

## § 8 FERIE

- a. Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar :
- b. Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar.  
**Tilbudet krev minimum 6 påmelde born dagleg.**
  - frå 1. august og til skulestart
  - i haust- og vinterferien
  - frå skuleslutt og ut juni månad
- d. Dette tilbudet er ope for elevar frå alle krinsane. Søknad skal leverast til skulen eleven går på til vanleg. Denne skulen sender søknadene samla til **rettast direkte til Bergsøy skule.**
- e. Opningstida i SFO utanom skuleruta er 8 timar pr. dag.

## § 9 FORELDREBETALING

- a. Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetalinga i samband med budsjett-behandlinga kvart år. Satsane følgjer skuleåret.
- b. Betalinga er rekna ut etter 38 veker – som skuleruta, og er fordelt på 10 utsende krav: Ingen krav for august, 1 ½ krav for september, vanlege krav vidare til og med mai, ½ krav i juni.
- c. Det vert gitt 25% søskenmoderasjon for 2. og ev. fleire barn frå same heim.
- d. Tilbod i ferien (~~§7~~) (§ 8) kjem i tillegg til dei 38 vekene ein betalar for etter § 8 b. Det er eigne satsar og eigne krav for opphald i feriane.

### Nytt punkt e:

I dei avdelingane ein nyttar seg av foreldrebetalte trivselstiltak og/eller matpengar, skal slik betaling fakturerast. Avtale om faktureringstidspunkt skal avtalast mellom skulen og økonomiavdelinga.

### Nytt punkt f:

Dersom barnet blir henta for seint, slik at det utløyser utvida opningstid, vil ein bli belasta med eit gebyr på kr 100,- pr påbegynt halve time.

## § 10 OPPSEIING OG ENDRING AV PLOSS

- a. Oppseiing/endring av plass skal skje elektronisk via [www.heroy.kommune.no/ skule og utdanning/ SFO](http://www.heroy.kommune.no/skuleogutdanning/SFO)
- b. Ved innmelding bind ein seg til periodar på minimum 3 – 3,5 mnd. Jfr § 6b-c
  - Periode 1: frå skulestart til 31. november.
  - Periode 2: frå 1. desember til 28./29. februar.
  - Periode 3: frå 1.mars til ut skuleåret.
- c. Oppseiingsdatoar - **seinast:**
  - 1) 31. mai (for periode 1 = dei som har automatisk plass til 2. - 3. og 4. trinn)
  - 2) 30. september (for periode 2)
  - 3) 31. desember (for periode 3)
- d. Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for, etter gjeldande prosedyrar for dette. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag ved seinare søknad om opptak.

## Nytt punkt d:

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. **Innkreving av uteståande beløp skal skje etter kommunen sine retningslinjer ved at Økonomiavdelinga sender varsel om oppseiing av plass, og varslar rektor og Skuleavdelinga om at plassen er oppsagt. Det skal betalast for heile perioden rekna frå oppseiingsdato, jfr § 10 c. Alle spørsmål vedkomande betaling, skal rettast til Økonomiavdelinga.**

## § 11 NEDLEGGING AV SFO-ORDNING

Kommunen kan legge ned/endre drifta av ei skulefritidsordning i skuleåret med ei månads varsel.

## § 12 ANSVAR

- a. Skulefritidsordningane har ansvar for eleven i den tildelte opphaldstida.
- b. Herøy kommune **har** kollektiv ulykkesforsikring for elevane i den tida dei er i SFO.
- c. Internkontrollsystemet for skulen omfattar også SFO.

## § 13 FORELDREMØTE

Det bør haldast minst 2 foreldremøte pr. år. Første møtet skal haldast tidleg i haustsemesteret.

## § 14 TEIEPLIKT

Alle som arbeider i skulefritidsordningane, har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

Sist endra K.sak 120/13 26.09.13 Redigert 10.februar 2014  
Herøy kommune skuleavdelinga.





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2016/436
		Arkiv:	144

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
19/16	Komite for oppvekst	24.05.2016

### LOKAL RAMMEPLAN FOR BARNEHAGANE 2016 - 2020

**Tilråding:**

Komite for oppvekst tek Lokal rammeplan HAUST 2016 – VÅR 2020 til vitande.

Særutskrift: Kommunale og private barnehagar

## **Vedlegg: Lokal rammeplan haust 2016 – vår 2020**

### **Saksopplysningar / Vurdering:**

Våren 2016 har ei arbeidsgruppe med representantar frå leiinga i private og kommunale barnehagar, samt barnehageleiar, arbeidd med å rullere/fornye den lokale rammeplanen for dei komande 4 åra.

Lokal rammeplan for barnehagane i Herøy 2016-2020 blir med dette lagt fram for komite for oppvekst til vitande.

Lokal rammeplan for barnehagane i Herøy vart i 2004 gjort om til ei lettlest brosjyre som likevel seier mykje om innhaldet i barnehagane og kva ein kan vente seg når ein får barnehageplass i Herøy.

Så langt er erfaringane gode med å ha ein slik lettlest felles plan for både kommunale og private barnehagar. Styrargruppa har difor vore samde om å rullere planen og utarbeide nye satsingsområde når 4 års periodene har vore over. På denne måten har vi sikra at barnehagane i Herøy har gått i djupna på alle fagområde den nasjonale rammeplanen legg føringar for at barn i barnehage skal få kjennskap til. Lokal rammeplan for barnehagane i Herøy 2016-2020 har med nye satsingsområde for dei komande 4 åra.

Planen skal saman med den nasjonale rammeplanen vere styrande for innhaldet i alle barnehagane, og ein skal finne igjen satsingsområda i den enkelte barnehage sin årsplan. Planen vil saman med utarbeidd kompetanseutviklingsplan gi føringar for kva ein vil satse på når det gjeld kompetanseutvikling for dei tilsette.

Ein vel også denne gongen å trykke opp planen som ei brosjyre med fargebilete, då ein håpar det vil bidra til at fleire får lyst til å lese den.


Arbeidsgruppa håpar planen vil inspirere brukarar og politiske fora til innspel og dialog om kva som er ein god barnehage.

Fosnavåg, 29.03.2016


Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug





Furene AS - Grafisk



HERØY KOMMUNE  
**BARNEHAGEAVDELINGA**



**LOKAL RAMMEPLAN  
 HAUST 2016 - VÅR 2020**



## Satsingsområde

### Satsingsområde dei neste 4 åra

#### 2016 – 2018

Ettikk, religion og filosofi  
Leik og relasjonar  
Barn med særskilte behov – tidleg innsats  
Kommunikasjon, språk og tekst  
Språkleg mangfald som ressurs



#### 2018 – 2020

Språkleg mangfald som ressurs  
Natur, miljø og teknikk  
Antal, rom og form  
Barn med særskilte behov – tidleg innsats  
Leik og relasjonar

## Forord

Gjennom sentral og lokal rammeplan, vil vi sette fokus på mål og innhald i barnehagen. Barnehagen skal vere ein arena for leik, læring, omsorg og danning med verdar som åndsfriheit, nestekjærligheit, tilgjengelegheit og solidaritet. Barnehagen skal vere ein stad der barn får ta del i den gode barndommen samstundes som dei vert rusta til eit vaksenliv i eit mangfaldig og utfordrande samfunn.

Ved å sette ord på kva dei felles verdiane barnehagane i Herøy representerer, minner vi oss sjølv og andre på at det er viktig å ha eit godt fundament for det daglege arbeidet. Med dette som utgangspunkt, skal kvar barnehage ha friheit til å utvikle seg utifrå lokale behov og interesser. Barnehagane har lenge hatt fokus på kvalitet og kvalitetsstyrking. Vi har som visjon at «Herøybarnehagen skal vere den beste plassen å vere og den beste plassen å lære». Vert Herøybarnehagen opplevd slik, vil vi bevege oss i retning av Herøy kommune sin visjon «ei båtlenge før». For å få til dette, må vi lytte til barn, foreldre og tilsette. Med utgangspunkt i deiira tilbakemeldingar samt lovverk og forskning på barnehagetilstand, skal vi arbeide mot å utvikle den beste barnehagen. Siste åra har barnehagane fått auka kunnskap om tilknytingssteori og viktigheta av tidleg hjelp for dei barna som treng det. Dette vil vi skal ha konsekvens for kva barnehagane prioriterer. Tryggleikssirkelen er eit reisakap barnehagane vil bruke for å møte barn på ein måte som forskning seier gir god utviklingsstøtte.

For å få fram korleis barnehagen vert opplevd, kan ein nytte desse vurderingsverktøya:

- Barneintervju, brukarundersøking, medarbeidarundersøking, leiarvaluering

For å sikre at barnehagen let seg påverke av tilbakemeldingar og innspel og slik synar seg som ein lærande organisasjon, kan ein m.a. bruke kollegarettleing, daglege observasjonar og diverse kartleggingsverktøy. Til kvalitetsstyrking og dokumentasjon på planar og prosedyrer har kommunen Kvalitetsloosen/Complio som er eit elektronisk kvalitetsstyringsverktøy.

Barnehagane kan verte utfordra på pedagogisk, verdar og den tradisjonelle måten å drive barnehage på. Den utfordringa må vi ta, samstundes som vi må vere tydelege på den faglege vurderinga som ligg til grunn for alt arbeid i barnehagen!

For å sikre variasjon og at alle område i den sentrale rammeplanen vert grundig utforska, vil den lokale rammeplanen innehalde satsingsområde for 4 år om gongen. Dette skal syne tjeien i den enkelte barnehage sin årsplan. Slik blir den lokale rammeplanen eit viktig styringsdokument for barnehagane i Herøy. Eg håpar at planen vil skape auka forståing, respekt og interesse for det utrulege viktige arbeidet som vert gjort i barnehagen. Det handlar om korleis kvart einstild barn skal ha det i sin kvardag og det handlar om framtid!

Barnehageavdelinga i Herøy, mai 2016

Laila Kvalsund Solhaug

- Barnehageleiar -

## Herøybarnehagen

Beste plassen å vere – beste plassen å lære

Dette tyder for:

### Barnet:

- At barnet skal oppleve å verte sett, høyrte og vist respekt
- At barnet vert sett på som eit sjølvstendig individ, skapande og kompetent med evne til å lære og med rett til å medverke i sin barnehagekvardag
- At barnet får opplevingar og utfordringar som fører til danning, læring og utvikling

### Foreldra:

- At dei ser pedagogisk innhald gjennom planar og barna sine erfaringar
- At dei opplever å bli tatt på alvor
- At dei kjenner tryggleik for at barnet har det bra i barnehagen
- At dei opplever barnehagen som brukarvenleg

### Personalet:

- At dei er trygge i rolla si, engasjerte og kompetente
- At dei er varme og grensesettande
- At dei er løysingsfokuserte og endringsvillige
- At dei utviklar evne til tydeleg og god pedagogisk leiding
- At dei tidleg oppdagar barn som treng ekstra hjelp, og bidreg til tiltak som gir utviklingshjelp til barnet

### Barnehagen:

- At den har eit godt og sikkert fysisk miljø inne og ute
- At den har mål, innhald og arbeidsmåtar som fremjar læring, trivsel og inkludering for alle

### Barnehageleiar:

- Sikrar likeverdig behandling mellom kommunale og private barnehagar
- Sikrar kompetanseutvikling for alle barnehagetilsette
- Sikrar tilsyn og rettleiing i høve alle område av barnehagedrift

## Mål for barnehagen

Dagen i dag

Hovudmål:

Barnehagen skal ta vare på barndomen sin eigenverdi

Delmål:

Barnehagen skal ta barna sine behov på alvor  
Barnehagen skal la barna få utvikle sin kreativitet, spontanitet og initiativ

Barnehagen skal bidra til å utvikle barna si evne til å vere i positiv relasjon med andre barn og vaksne

Barnehagen skal syte for at barna får oppleve seg som viktige og verdfulle. Barn sin medverknad er eit viktig fokus når det gjeld dagen i dag og som grunnlag for all planlegging

Framtida

Hovudmål:

Barnehagen skal sette barna i stand til å meistre tilveret, sette dei best mullig i stand til å møte samfunnet sine krav og forventningar

Delmål:

Barna skal utvikle eit positivt sjølvbilde og ei positiv haldning til eiga læreevne

Barna skal utvikle kompetanse og evne til å kommunisere med andre

Barna skal tileigne seg kunnskap, ferdigheter og haldningar ut frå sitt utviklingsnivå

Barnehagen skal gje barna eit best muleg grunnlag for personleg og kulturell identitet


Barnehagen skal saman med skulen førebu barna på møte med skulen, jmf. plan for overgang barnehage / skule



**HERØY KOMMUNE**  
**BARNEHAGEAVDELINGA**



**LOKAL RAMMEPLAN**  
**HAUST 2016 - VÅR 2020**



## Forord

Gjennom sentral og lokal rammeplan, vil vi sette fokus på mål og innhald i barnehagen. Barnehagen skal vere ein arena for leik, læring, omsorg og danning med verdiar som åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet. Barnehagen skal vere ein stad der barn får ta del i den gode barndomen samstundes som dei vert rusta til eit vaksenliv i eit mangfaldig og utfordrande samfunn.

Ved å sette ord på kva dei felles verdiane barnehagane i Herøy representerer, minner vi oss sjølve og andre på at det er viktig å ha eit godt fundament for det daglege arbeidet. Med dette som utgangspunkt, skal kvar barnehage ha fridom til å utvikle seg utifrå lokale behov og interesser. Barnehagane har lenge hatt fokus på kvalitet og kvalitetssikring. Vi har som visjon at «Herøybarnehagen skal vere den beste plassen å vere og den beste plassen å lære». Vert Herøybarnehagen opplevd slik, vil vi bevege oss i retning av Herøy kommune sin visjon «ei båtlengd føre». For å få til dette, må vi lytte til barn, foreldre og tilsette. Med utgangspunkt i deira tilbakemeldingar samt lovverk og forskning på barnehagefeltet, skal vi arbeide mot å utvikle den beste barnehagen. Siste åra har barnehagane fått auka kunnskap om tilknytningsteori og viktigheita av tidleg hjelp for dei barna som treng det. Dette vil vi skal ha konsekvens for kva barnehagane prioriterer. Tryggleikssirkelen er eit reiskap barnehagane vil bruke for å møte barn på ein måte som forskning seier gir god utviklingsstøtte.

For å få fram korleis barnehagen vert opplevd, kan ein nytte desse vurderingsverktøya:

- Barneintervju, brukarundersøking, medarbeidarundersøking, leiarevaluering

For å sikre at barnehagen let seg påverke av tilbakemeldingar og innspel og slik syner seg som ein lærande organisasjon, kan ein m.a bruke kollegarettleing, daglege observasjonar og diverse kartleggingsverktøy. Til kvalitetssikring og dokumentasjon på planar og prosedyrer har kommunen Kvalitetslosen/Compilo som er eit elektronisk kvalitetsikringsverktøy.

Barnehagane kan verte utfordra på pedagogikk, verdiar og den tradisjonelle måten å drive barnehage på. Den utfordringa må vi ta, samstundes som vi må vere tydelege på den faglege vurderinga som ligg til grunn for alt arbeid i barnehagen!

For å sikre variasjon og at alle område i den sentrale rammeplanen vert grundig utforska, vil den lokale rammeplanen innehalde satsingsområde for 4 år om gongen. Desse skal syne igjen i den enkelte barnehage sin årsplan. Slik blir den lokale rammeplanen eit viktig styringsdokument for barnehagane i Herøy. Eg håpar at planen vil skape auka forståing, respekt og interesse for det utruleg viktige arbeidet som vert gjort i barnehagen. Det handlar om korleis kvart einskild barn skal ha det i sin kvardag og det handlar om framtida!

Barnehageavdelinga i Herøy, mai 2016

Laila Kvalsund Solhaug  
- Barnehageleiar -

## **Herøybarnehagen**

Beste plassen å vere – beste plassen å lære

Dette tyder for:

### **Barnet:**

- At barnet skal oppleve å verte sett, høyrte og vist respekt
- At barnet vert sett på som eit sjølvstendig individ, skapande og kompetent med evne til å lære og med rett til å medverke i sin barnehagekvardag
- At barnet får opplevingar og utfordringar som fører til danning, læring og utvikling

### **Foreldra:**

- At dei ser pedagogisk innhald gjennom planar og barna sine erfaringar
- At dei opplever å bli tatt på alvor
- At dei kjenner tryggleik for at barnet har det bra i barnehagen
- At dei opplever barnehagen som brukarvennleg

### **Personalet:**

- At dei er trygge i rolla si, engasjerte og kompetente
- At dei er varme og grensesettande
- At dei er løysingsfokuserte og endringsvillige
- At dei utviklar evne til tydeleg og god pedagogisk leiing
- At dei tidleg oppdagar barn som treng ekstra hjelp, og bidreg til tiltak som gir utviklingshjelp til barnet

### **Barnehagen:**

- At den har eit godt og sikkert fysisk miljø inne og ute
- At den har mål, innhald og arbeidsmåtar som fremjar læring, trivsel og inkludering for alle

### **Barnehageleiar:**

- Sikrar likeverdig behandling mellom kommunale og private barnehagar
- Sikrar kompetanseutvikling for alle barnehageansette
- Sikrar tilsyn og rettleiing i høve alle område av barnehagedrift

## **Mål for barnehagen**

### **Dagen i dag**

#### **Hovudmål:**

Barnehagen skal ta vare på barndomen sin eigenverdi

#### **Delmål:**

Barnehagen skal ta barna sine behov på alvor  
Barnehagen skal la barna få utvikle sin kreativitet, spontanitet og initiativ

Barnehagen skal bidra til å utvikle barna si evne til å vere i positiv relasjon med andre barn og vaksne

Barnehagen skal syte for at barna får oppleve seg som viktige og verdfulle. Barn sin medverknad er eit viktig fokus når det gjeld dagen i dag og som grunnlag for all plan legging

### **Framtida**

#### **Hovudmål:**

Barnehagen skal sette barna i stand til å meistre tilveret, sette dei best mulig i stand til å møte samfunnet sine krav og forventningar

#### **Delmål:**

Barna skal utvikle eit positivt sjølvbilde og ei positiv haldning til eiga læreevne

Barna skal utvikle kompetanse og evne til å kommunisere med andre

Barna skal tileigne seg kunnskap, ferdigheiter og haldningar ut frå sitt utviklingsnivå

Barnehagen skal gje barna eit best muleg grunnlag for personleg og kulturell identitet

Barnehagen skal saman med skulen førebu barna på møte med skulen, jmf. plan for overgang barnehage / skule

## Satsingsområde

### Satsingsområde dei neste 4 åra

2016 – 2018

Etikk, religion og filosofi  
Leik og relasjonar  
Barn med særskilte behov – tidleg innsats  
Kommunikasjon, språk og tekst  
Språkleg mangfald som ressurs



2018 – 2020

Språkleg mangfald som ressurs  
Natur, miljø og teknikk  
Antal, rom og form  
Barn med særskilte behov – tidleg innsats  
Leik og relasjonar



### Den gode barndommen.

Ein god barndom er gode vener og tid til lek.

Ein god barndom er fylt av kjærleik og tryggleik.

Ein god barndom er full av variasjon og utfordringar.

Ein god barndom er rik på opplevingar, glede og humor.

Ein god barndom gjev barnet ei kjensle av å vere godteken og noko viktig.

Ein god barndom er møte med vaksne som har glede av å gå inn i samspel med barnet.

Ein god barndom gjev barnet tru på seg sjølv, på framtida og medmenneska.

Ein god barndom er ein barndom der gledene og sorgene til barnet vert tekne på alvor.

Ein god barndom er ein barndom der barnet opplever positiv stadfesting på eiga undring, og på eigne spørsmål.

Barndomen er ein fase i livet som ikkje kan skundast fram eller kan takast att.

Barndomen har eigenverdi. Han må få ta si tid.





Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2014/1398
		Arkiv:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/16	Komite for oppvekst	24.05.2016
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

### PROSJEKT 61603 - NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - BYGGEPGRAM

#### Tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for ny barneskule på Bergsøy.**
- 2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.**
- 3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte forutsatt naudsynt finansiering.**

Særutskrift:  
Eigedomsavdelinga  
Skuleavdelinga  
Økonomiavdelinga  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Hovudverneombodet

## Vedlegg:

### Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 61603 – Ny barneskule på Bergsøy - byggeprogram

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16
2. K-sak 128/14
3. K-sak 172/13
4. K-sak 27/13

## Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 61603 – Ny barneskule på Bergsøy.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

*Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:*

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
- *Herøy ressurscenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbasis*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for ny barneskule på Bergsøy fyl som prenta vedlegg 1.

### Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefasen	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfasen, anbudsfasen, byggefasen og garantifasen.

Byggeprogram vert utarbeida av eigeomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

### Prosjekt 61603 – Ny barneskule på Bergsøy

Byggeprogrammet for ny barneskulen på Bergsøy omhandlar eit nybygg på kommunal eigedom mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule. Den nye skulen legg til rette for ei samanslåing av Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen til ei organisatorisk eining samstundes som funksjonelle manglar ved Bergsøy skule Blåhaugen vert løyste gjennom omdisponering og ombygging av areal.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med skuleavdelinga, herunder rektor ved Bergsøy skule Borga, rektor ved Bergsøy skule Blåhaugen og verneombodet for dei tilsette og er i all hovudsak identisk med den funksjons- og arealanalyse som kommunestyret godkjente for prosjektet i K-sak 128/14. Byggeprogrammet må likeins sjåast i samanheng med kommunestyrets tidlegare vedtak om å bygge ny barneskule på Bergsøy, sjå K-sak 27/13 og K-sak 172/13 i uprenta vedlegg 3 og 4.

### Generelle føresetnadar for den nye skulen:

#### **Bergsøy skule**

Byggeprogrammet føreset at Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen vert slått saman til ny ein Bergsøy skule, med ein rektor og ein assisterande rektor.

#### **Klasserom**

Byggeprogrammet føreset at skulen vert bygd som ein tradisjonell klasseromsskule, med tre klasserom à 30 elevar pr. trinn. Kvart trinn skal ha eigen inngang til garderobe, klasserom og grupperom.

#### **Auditorium**

Det er i programmet lagt inn 2 auditorium for samling av heile trinnet.

#### **Arbeidsrom for lærarar**

Analysen føreset at skulen vert bygd med sentralisert arbeidsrom for undervisningspersonalet på alle trinn (1. til 7. trinn). Ein har lagt til grunn at arbeidsromma må tilpassast dei krav som fyl av arbeidsplassforskrifta.

### Utbyggingstomt

Analysen føreset at skulen vert bygd på kommunal eigedom mellom dagens Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule. Utbyggingsområdet er om lag 28 mål stort. Eigedomen er regulert til offentleg formål. Eit mindre område er striperegulert til næringsformål og må anten omregulerast eller dispenserast frå ved utbygging.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at ein ny skule bør plasserast slik at trafikkavvikling i hovudsak kan leggest til sørsida av dagens skulebygg, mot Myklebustvatnet. Dette vil i stor grad kunne løyse dei trafikale utfordringane som brukarane av Sirlihaugen barnehage, Bergslia barnehage, Bergsøy skule Blåhaugen, Ytre Herøy ungdomsskule og Bergsøy skule Borga opplever i dag.

### Særskilt om Bergsøy skule Blåhaugen

Bergsøy skule Blåhaugen har funksjonelle manglar som heilt eller delvis kan løysast gjennom byggeprosjektet:

#### **Arbeidsrom**

Dagens arbeidsrom stettar ikkje dei krava som ein ser kjem i form av meir bunden arbeidstid på skulen. Då skal der også vere samtalerom og telefonrom i tilknytning til arbeidsromma.

#### **Grupperom**

Skulen har stor mangel på grupperom og møte-/samtalerom.

#### **SFO-areal**

Dagens SFO-areal med aktivitetsareal, spiseareal og garderobe er for lite, jf. kutt i areal då skulen vart bygd. Med ein auke i elevtalet, jf. prognosene for den nye skulen, vil arealet for SFO verte for lite.

#### **Personalgarderobe**

Reinholdspersonalet har ikkje tilgang til personalgarderobane i dagens bygg.

#### **Reinholdssentral**

Reinholdssentralen vert nytta av anna personell enn reinholdspersonellet. Sentralen står difor tilgjengeleg for alle, noko som er uheldig med tanke på sikker lagring av reinholdsmateriell. Reinholdspersonalet har heller ikkje plass til alt sitt utstyr i sentralen, slik den er i dag. Sentralen er også plassert inn til arbeidsrom/kontorsone, noko som er uheldig med tanke på støy.

Dersom arbeidsrom, personalrom og administrasjon vert felles på nybygget kan tilsvarende areal på Blåhaugen byggast om til meir grupperom, SFO-areal og lager. Møterom for vaksne kan vere felles i det nye bygget medan grupperom for mindre elevgrupper samt samtalerom for tilsett/elev må ligge i nærleiken av undervisningsarealet ved Blåhaugen.

Ein må også vurdere kvar skulen sitt bibliotek skal vere. Truleg vil det vere mest framtidsretta å nytte dagens bibliotek ved Blåhaugen til arbeidsrom, SFO-areal og grupperom på Blåhaugen og så bygge nytt felles skulebibliotek på det nye bygget.

### Særleg om Internasjonal skule

Internasjonal skule held i dag til ved Bergsøy skule Borga, men har sjølv meldt at dei ikkje ynskjer sambruk av areal ved den nye skulen. Analysen føreset såleis at lokale for Internasjonal skule vert handtert som eige prosjekt og at dei fortsett bruken av Bergsøy skule Borga så lenge det er praktisk mogleg.

### Særleg om Ytre Herøy ungdomsskule

Bygging av ny barneskule på Bergsøy inneber at Bergsøy skule Borga i etterkant kan nyttast som mellombelse undervisningslokale for Ytre Herøy ungdomsskule. Bygging av ny barneskule er såleis ein viktig premiss for rehabiliteringa av ungdomsskulen i tillegg til at den nye barneskulen tidvis kan avhjelpe dei funksjonelle manglar som ungdomsskulen lir under. Ungdomsskulen kan såleis tenkast å bruke allrom/gymsal til sine samlingar av skulen.

### Vidare prosess

Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for ny barneskule på Bergsøy.

Den nye barneskulen vil lyfte skuletilbodet på Bergsøy eit vesentleg hakk opp, isolert sett som ny barneskule, men også i samspel med dagens Bergsøy skule Blåhaugen. Sambruk av funksjonar og areal kan løyse mange av dei funksjonelle manglane desse bygga lir under i dag.

Bygging av ny barneskule inneber alternativ bruk av dagens Bergsøy skule Borga. Rådmannen vil fremme sak om alternativ bruk av dette, men ikkje før ny barneskule er utbygd. Bygging av ny skule legg også grunnlaget for etterfylgjande rehabilitering av Ytre Herøy ungdomsskule då Bergsøy skule Borga kan fungere som mellombelse undervisningslokale for i byggefasen.

### Konsekvensar for folkehelse:

Bygging av ny barneskule vil betre inneklimate og andre arbeidsmiljøfaktorar for både tilsette og elevar. Prosjektet legg også til rette for ei vesentleg tryggare trafikkavvikling i området, til glede for både born, foreldre, tilsette og andre brukarar av bygningane.

### Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert.

### Konsekvensar for drift:


Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

# **NY BARNESKULE PÅ BERGSØY**

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.


Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfasen, byggefase og garantifase.

Bergsøy skule består i dag av to avdelingar: Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen. Skulane har kvar sin administrasjon, rektor inkludert.

Prosjektet omhandlar bygging av ny barneskule på Bergsøy. Skulen skal erstatte dagens Bergsøy skule Borga.

Som del av prosjektet skal Bergsøy skule Blåhaugen byggast om for samanslåing med ny Bergsøy skule til ei organisatorisk eining.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



### INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiari som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 29 bnr. 39 mm.:



### REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

### FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomen er ubebygd og vert delvis nytta som uteområde for Bergsøy skule Blåhaugen.

### NABOLAG

Eigedomen ligg innanfor eit større område beståande av kommunale barnehagar, skulebygg, kulturhus, idrettspark og privat bustadbebyggelse.

### GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

## **ATKOMST**

Atkomst til prosjektet etablerast via kommuneveg Lisjebøvegen over eksisterande parkeringsplass og hovudatkomst for Bergsøy skule Blåhaugen.

## **PARKERING**

Parkering etablerast gjennom utviding av eksisterande parkeringsplass ved Bergsøy skule Blåhaugen.

Som del av prosjektet skal det også etablerast "Kiss and goodbye"-funksjon for elevar og føresette i krysset Lisjebøvegen / Borgarhaugvegen.

## **BEBYGGELSE**

Den nye skulen skal etablerast som ny skule for 4. til 7. trinn med organisatorisk samanslåing av Bergsøy skule avd. Blåhaugen og Bergsøy skule Borga til ny Bergsøy skule for 1. til 7. trinn.

### Elevfunksjonar

Skulen skal byggast som ein fleksibel skule med 3 parallellklasser à 30 elevar. Med 4 årstrinn utgjør det omlag 360 elevar.

Kvart årstrinn skal ha sin eigen byggseksjon med inngang/garderobe, toalett, klasserom og grupperom av ulik storleik. I tillegg skal det vere eit areal for formidling til heile trinnet samla.

Klasseroma skal i størst mogleg grad være tilrettelagt for undervisning for alle. Dette inneber fleksible løysingar for opning/lukking inn mot tilgrensande klasserom, nærleik til grupperom og høve til skjerming av elevar der dette trengst.

### Digitale læremiddel

Skulen skal tilretteleggast for bruk av digitale læremiddel /utvikling av digitale ferdigheiter i tråd med krava i Kunnskapsløftet. Det skal difor vere plass til elektroniske tavler og whiteboard i klasseroma.

### Praktisk-estetiske fag

I tillegg til undervisningsareal for kvart årstrinn, skal der vere eit felles undervisningsareal for praktisk-estetiske fag som musikk, kunst og handverk, mat og helse, naturfag, bibliotek og gymnastikksal/allrom.

### Personalfunksjonar

Ein ynskjer å samle personalet i eitt felles arbeidsrom då dette styrker samarbeidet

på tvers av trinna. Arbeidsrommet må vere sentralt plassert i bygget for å vere nær elevane og slik at ein lett kan orientere seg frå hovudinngang.

Arealet for arbeidsrom må også innehalde samtalerom og telefonrom der lærarar kan ha skjerma samtalar med elevar, føresette og eksterne samarbeidspartnarar.

Der må vere gode støtteareal for lagring av materiell og utstyr, samt for administrasjon, personalrom og møterom.

### Spesialutstyrte areal

Spesialutstyrte areal omfattar areal som krev ekstra installasjonar knytta til støy, støv, gift eller fare. Dette gjeld særleg areal til naturfag, kunst og handverk, mat og helse, musikk og kroppsøving. Utforminga av den einskilde funksjon skal styrke eigenarta til faget.

Dei spesialutstyrte areala er felles for alle undervisningstrinn men bør leggst lett tilgjengeleg for dei alderstrinna som nyttar funksjonane mest. Det må også sikrast enkel varelevering til dei funksjonar der dette krevst.

### Base for elevar med behov for stell og pleie

Kommunestyret har gjort vedtak om felles base for barnetrinnet ved Einedalen skule og for ungdomstrinnet på Ytre Herøy ungdomsskule. Base er i den samanheng definert som areal for elevar med behov for stell og pleie.

På nye Bergsøy skule vil det det likevel vere behov for kvilerom, treningsrom etc. for elevar med særskilde behov. I tillegg må eit eige rom for spesialundervisning vurderast saman med eit rom med meir læremiddel og utstyr enn det som vert plassert ute i grupperomma.

### Uteområde

Uteområdet omfattar både parkeringsareal og uteareal for elevar og tilsette. Effektiv og sikker trafikkavvikling er viktig og må sjåast i samanheng med trafikk til og frå andre barnehagar og skular i området.

## **ARKITEKTONISK UTTRYKK**

Den nye skulen skal ha ei moderne formspråk og utnytte fordelane ved direkte og indirekte dagslys.

## **GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE**

Bygget bør tilpassast eksisterande nivåforskjellar i terrenget og sikre god flyt i

samanbygginga med Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule. Leikeareal bør utnytte terrenget og høgder i bygget, t.d. til buldring.

### **ANDRE RELEVANTE FORHOLD**

Prosjektet skal generelt tilstrebe arealeffektivitet, sambruk og fleksibilitet og i størst mogleg grad unngå døareal i form av korridorar, trapper mm.

Trapper og korridorar bør også kunne nyttast til gruppesamlingar av ulik storleik.

<b>6.1</b>	<b>INNLEIING</b>
------------	------------------

Funksjons- og arealanalyse beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevst for prosjektet.

<b>6.2</b>	<b>NY BARNESKULE</b>
------------	----------------------

Bygging av ny barneskule på Bergsøy utløyer slike funksjons- og arealkrav:

### FUNKSJONAR FOR DET ENKELTE KLASSETRINN

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Garderobe</b>	01	100	100	Garderobe for 90 elevar (30x3) med ei grovsone og ei finsone. Bør delast inn (visuelt eller fysisk) for kvar klasse.
<b>Toalett</b>	05	02	10	
<b>Toalett HC</b>	01	06	06	
<b>Utandørs toalett</b>	01	02	02	Sluk i gulv.
<b>Klasserom</b>	03	90	270	30 elevar pr. klasserom.  Viktig å unngå dagslys ift. whiteboard og elektronisk tavle. Difor krav til berre ein vindusvegg pr. klasserom. Skjerming mot innsyn frå fellesareal av omsyn til elevane si arbeidsro.  Kvadratisk utforming vurdert som meir hensiktsmessig enn rektangulær. Klasseromma atskilt med foldevegg på del av vegg. Krav til lydtett skille.  3 handvaskar pr. klasserom
<b>Lite grupperom</b>	01	15	15	For 5 elevar. Skjerming mot innsyn og utsyn er viktig for elevens læringssituasjon.
<b>Stort grupperom</b>	02	45	90	For 15 elevar. Skjerming mot innsyn og utsyn er viktig for elevens læringssituasjon.
<b>Auditorium</b>	01	72	72	For 90 elevar. Areal for formidling for heile trinnet samla. 2årstrinn bør kunne dele eitt auditorium.

Nærlager	01	08	08	Lager for bøker, papir og utstyr i det daglege. Rektangulær form med dør i kortende. Dør slår ut.
SUM NTA	-	-	574	
SUM 4 SEKSJONAR	-	-	2150	<b>Merknad:</b> Areal for auditorium x 2, ikkje x 4

## SPESIALUTSTYRTE AREAL

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kunst og handverk	1	65	65	<u>Verkstad for tre &amp; metallarbeid</u> Arbeidsplass for 20 elevar. Plass til skap for oppbevaring av verktøy.
	1	12	12	<u>Maskinrom</u> Bandsag, sirkelsag, høvle/dreiebenk. Skap til verktøy/utstyr. Nødvendig avtrekk.
	1	12	12	<u>Materiallager</u> Enkel tilgang for materialleveranse. Felles varelevering også til skulen ellers. Bør difor ligge på grunnplan med Bergsøy skule Blåhaugen.
	1	65	65	<u>Verkstad leire/maling/teikning,tekonologi, design:</u> Arbeidsplass for 20 elevar. Nødvendig avtrekk. Keramikkovn må vurderast.
	1	65	65	<u>Tekstil</u> Arbeidsplass for 20 elevar.
	2	8	16	<u>Elevarbeidslager</u> Rektanguler form. Dør på kortvegg. Dår slår ut.
Naturfag	1	90	90	For 30 elevar. Naturfagsfunksjonen bør plasserast mot yttervegg, konf. mulighet for undervisning ute og dyrking av vekster. Oversiktlegheit, demonstrasjonar og elevaktivitet. Felles arbeidsbord/demonstrasjonsbord.
Musikk / allrom / bibliotek	1	200	200	Nær mat og helse. God golvplass ift. dans og rørsle. Rom for å låse inn piano.
	3	15	45	<u>Grupperom/øvingsrom</u> For 3 elevar. Lydtett celle. Undervisning individuelt og i gruppe.

	1	15	15	<u>Lager</u> Lager med plass til instrument og rekvisita. Dør slår ut.
	1	40	40	<u>Stollager</u> Dimensjonert for 200 stoler. Dør slår ut.
	1	12	12	<u>Lager for eksterne</u> Dør slår ut.
<b>Mat og helse</b>	1	70	70	For 20 elever. Bør ligge i nærleiken til allrommet. Generelt bør mat/helse takle omstilling til matserving i undervisningstida. 5 kjøkkenstasjonar. Ein stasjon tilrettelagt for rullestolbrukar. Tilrettelagt for teoriundervisning / elektronisk tavle.
	1	5	5	<u>Tørrvarelager og anna utstyr</u>
	1	3	3	<u>Kjøll/frys</u>
	1	4	4	<u>Vask/stryk</u>
<b>Kroppsøving</b>	1	250	250	<u>Gymsal</u> Kombinasjon gymsal / samlingsrom for alle elevar på skulen. Scene bør inn som del av gymsal.
	2	50	100	<u>Elevgarderobe</u>
	2	12	24	<u>Elevgarderobe HC</u>
	2	12	24	Personalgarderobe skal også fungere for personalet generelt, ikkje berre ved bruk av gymsal.
	1	20	20	<u>Utstyrslager</u> Dør slår ut.
<b>SUM NTA</b>	-		<b>1137</b>	-

## SPESIALPEDAGOGISKE FUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
----------	-------	-------	-----	---------

<b>Spesialpedagogiske rom</b>	1	15	15	God hylleplass til læremiddel og utstyr, arbeidsstasjonar for 2 elevar
<b>Treningsrom</b>	1	20	20	Rom med ribbevegg og plass til ball/matte, der m.a. fysio kan trene med elevar
<b>Kvilerom</b>	1	12	12	I tilknytning til spes.ped.rom, plass til kvilebenk
<b>Kjøkken</b>	1	-	-	Tekjøkken/kjøkkenkrok
<b>Toalett HC</b>	1	6	6	
<b>SUM NTA</b>	-		<b>53</b>	-

## PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Resepsjon m/tillegg</b>	1	10	10	Sentralt plassert, "hjerte i bygget". Bør vere tilrettelagt for datamaskin for tilsette mm. (reinhaldarar).
<b>Lager/arkiv/kopi</b>	1	6	6	I tilknytning til resepsjon, må kunne låsast. Kopiering/maskiner plassert skjerma av omsyn til støy, støv og luft.
<b>Kontor rektor</b>	1	18	18	Plass til møtebord for 4 personar
<b>Kontor ass. rektor</b>	1	12	12	
<b>Ekstra kontor</b>	1	12	12	Skjerma arbeidsstasjon for helsesøster, IKT mm.
<b>Møterom - lite</b>	1	16	16	Plass til 8 personar, skjerma mot innsyn..
<b>Møterom - stort</b>	1	50	50	Plass til 20 personar, høve til å opne mot pauserom skjerma mot innsyn.
<b>Pauserom / personalrom</b>	1	75	75	For 50 tilsette, assistentar og reinhaldarar inkludert. Arealutnytting som opnar for kontakt og samhald, dvs. ikkje langt og smalt. Kjøkkenkrok med oppvaskmaskin, kjøleskap, kaffimaskin og naudsynt skaplass. Mikrobølgeovn, platetopp.
<b>Toalett</b>	3	2	6	
<b>Toalett HC</b>	1	6	6	
<b>Garderobe</b>	1	20	20	For 50 tilsette, assistentar og reinhaldarar inkludert. Skal ligge i tilknytning til arbeidsrom.

				Dusj i tilknytning til personalgarderobe ved gymsal.
<b>Arbeidsrom</b>	7	49	343	7 arbeidsrom (1 pr. trinn) med 7 arbeidsstasjonar fpr. rom. Ein arbeidsstasjon pr. rom dedikert til assistent, med tilgang til data.
<b>Møteplass</b>	1	18	18	Ein møteplass for 8 personar i tilknytning til arbeidsromma. Lokalisert i nærleiken av kontora, men likevel slik at ein kan kome til kontor utan å gå gjennom arbeidsromarealet.
<b>Kopirom</b>	1	4	4	Plass til kopimaskin i tilknytning til arbeidsromma, avskjerma mtp. lyd mm..
<b>SUM NTA</b>	-		<b>596</b>	-

## STØTTEFUNKSJONAR

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Lager - IKT</b>	1	10	10	Skulens behov avgjer lagerbehovet her. Dør slår ut.
<b>Lager - naturfag</b>	1	10	10	I tilknytning til spesialrom. Enkel tilgang for varelevering. Må kunne låsast. Dør slår ut.
<b>Lager - K &amp; H</b>	1	10	10	Plass til ulike typer material. Enkel vareleveranse og plassering. Dør slår ut.
<b>SUM NTA</b>	-		<b>56</b>	-

## DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Teknisk rom</b>	1	70	70	Teknisk for nybygget åleine. VVS, el-, tele- og automatsjon, strømmålar. IKT
<b>Tavlerom</b>	1	1	1	
<b>Reinholdssentral</b>	1	30	30	Kvadratisk utforming. Vogner, koster/skaft, moppemaskin, kjøleskap, benk, vask, blandebatteri hurtigkopling, sluk i golv. Dør slår ut.

<b>Bøttekott</b>	4	4	16	Utslagsvask. Sluk i gulv. Hyller og ladepunkt for reinholdsmaskin. Dør må slå ut i gang. Det må vere bøttekott i kvar etasje og eventuelt i ulike soner/fløyer på etasja.
<b>Lager</b>	1	10	10	Lager for toalettpapir, tørkepapir mm. 2 m. breidde. Det kan vere mulig å lagre andre rekvisittar her også. Dør må slå ut.
<b>Avfallsrom</b>	1	20	20	Felles for ny skule og dagens Blåhaugen. Kjøling. Sluk i golv. Tilkomst frå utvendig port 1200 mm.
<b>SUM NTA</b>	-		120	-

## ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Hovudinngang</b>	1	-	-	
<b>Personalinngang</b>	1	-	-	Personalinngang i nærleiken av arbeidsromma til lærarane.
<b>Elevinngang</b>	4	-	-	Separat inngangsparti til kvart klassetrinn.
<b>Trapp / trapperom</b>	1			Trapp bør også kunne nyttast til større gruppesamlingar (amfi).
<b>Heis / heisrom</b>	1			Sentralt i bygget, lett tilgjengeleg når ein kjem inn hovudinngang.
<b>Varelevering</b>	1			
<b>SUM NTA</b>	-			-

## UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav:



FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
<b>Personalparkering</b>	01	-	-	Plass til min. 50 bilar. Skjerma frå elevarealet.

<b>Giss and goodbye</b>	01	-	-	"Kiss and goodbye"-sone i krysset Lisjebøvegen / Borgarhaugvegen.
<b>Grøntareal</b>	01	-	-	Amfi med flaggstong. Elles minst mogleg plen/busker av omsyn til etterfylgjande drift.
<b>Leikeareal</b>	01	-	-	Soner med alderstilpassa aktivitetar/apparat. Ballbinge for dei eldste elevane.
<b>SUM</b>	-	-		-

## **BERGSØY SKULE BLÅHAUGEN**

Organisatorisk samanslåing av Bergsøy skule Borge og Bergsøy skule Blåhaugen frigjev areal ved Blåhaugen skule som skal byggast om til areal for både SFO, grupperom, møterom og lager. Tiltent areal for ombygging er markert i vedlagte kartskisse.

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSALTERNATIV	NTA	BTA
Ny barneskule	4112	5346

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1640
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016
21/16	Komite for oppvekst	24.05.2016
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

### PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL - BYGGEPROGRAM

#### Tilråding:

- 1.
2. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.
3. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Særutskrift:  
 Eigedomsavdelinga  
 Skuleavdelinga  
 Kulturavdelinga  
 Bergsøy idrettslag – handballgruppa  
 Økonomiavdelinga  
 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
 Hovudverneombodet

## Vedlegg:

### Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukshall – byggeprogram

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

## Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

*Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:*

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
- *Herøy ressurscenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbasis*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - fyl som prenta vedlegg 1.

### Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbudsfasen, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigeomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

## Prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall

Byggeprogrammet for Einedalen skule – fleirbrukshall - omhandlar bygging av ein fleirbrukshall som skal stette behova både for skuleavdelinga og for private lag og organisasjonar.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med skuleavdelinga (skuleleiar, rektor ved Einedalen og verneombodet) og kulturavdelinga (kulturleiar).

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Bergsøy idrettslag – handballgruppa – har difor vore ein pådrivar for prosjektet og representert i prosjektgruppa ved Jan-Arild Gjerdsbakk.

### **Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ, begge ved Einedalen skule:**

#### Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativ 1 omhandlar bygging av ny fleirbrukshall med speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbrukshallen føreslås for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbrukshallen.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, mellom anna skal det for dette alternativet etablerast tribuneanlegg.

#### Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar bygging av ny fleirbrukshall med speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbrukshallen føreslås også for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbrukshallen.

Alternativt kan hallen plasserast ved dagens personalinngang til skulen. Ulempene ved dette alternativet er at hallen kan bli ruvande i forhold til skulens austlege fasade. I tillegg vurderer eigedomsavdelinga hallen som for plasskrevjande for utbyggingsområdet i tillegg til at trafikkavviklinga vert dårlegare då nye parkeringsplassar fortsatt må etablerast i området ved SFO. Dette vil etter alle solemerker føre til at brukarane av hallen likevel parkerer i umiddelbar nærleik til hallen. Dette vil vere særst uheldig for elevar og andre mjuke trafikantar, men vil også vere uheldig for prosjektet generelt.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, men føreslås etablert utan tribuneanlegg.

#### Vidare prosess

Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for dei ulike utbyggingsalternativ i byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Einedalen skule - idrettshall- utbyggingsalternativ 1.

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Dette begrensar aktivitetsnivået for handball, men også for andre brukarar av hallen. Rådmannen legg difor til grunn at det er eit kvalifisert behov for utviding av hallkapasiteten i Herøy.

Utbyggingsalternativ 1 er det mest framtidsretta utbyggingsalternativet då ein hall med tribuner aukar funksjonaliteten og brukarvennlegheita. Med tribuneanlegg kan også hallen avlaste Herøyhallen i større grad enn dersom den berre vert tilrettelagt for trening.

Rådmannen rår til at hallen vert plassert i bakkant av uteområdet ved Einedalen, då dette er det beste alternativet med tanke på trafikkavvikling i tillegg til at dette alternativet er til minst ulempe for Einedalen skule.

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for drift:

Ikkje vurdert.


Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

1.



HERØY KOMMUNE

# EINEDALEN SKULE

## Fleirbrukshall

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfas	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

